





# Kyrkjeblad *for Vestre Slidre*



*Den fagraste Rosa er funni,  
Ho upp millom Klunger er runni:  
Vaar Jesus den dyraste Blomen  
Rann upp av ei Ått under Domen.*

BRORSON/BLIX



# Fred på jorda

Her eg sit og skriv har eg akkurat starta dei siste vekene som biskop.

Eg vil nytte høvet til å takke for alle møtepunkt rundt om i Hamar bispedømme. Eg ser for meg mange ansikt og ber med meg mange varme handtrykk frå ulike situasjonar. Hjarteleg takk og alt godt vidare!

Fred på jorda!

Vi lengtar etter nettopp det som den store hæren frå himmelen song den fyrste julenatta:

«Ære til Gud i det høgste  
Og fred på jorda  
blant menneske som Gud har glede i.»

Vi er i ei tida prega av uro over den spente krigssituasjonen i Europa og uvisse inn mot kva som vil skje vidare. Eg kjenner at engelens ord; «Ver ikkje redd» og englekoret som syng og ber om fred på jord, set ord på eit ønske, ein draum og eit håp som inspirerer til å tru på og arbeide for rettferd og fred.

Songen på Betlehemsmarkene viser vegen til Gud i krubba. Det evige strøynde inn i same augneblink som barnet vart fødd. Og Jesu fødsel set i gang ei rørsle som aldri har stansa.

Barnet som vart fødd, er eit håp og ein kjærleik. Dette vil alle som har halde eit lite nyfødd menneske i hendene kunne kjenne. Det er nært og stort, vakkert og meiningsmetta. Våre røynsler blir sett i eit svimlande perspektiv i møte med fødselen i Betlehem og songen frå englane. Det lyfter alle nyfødde barn opp mot himmelen og inviterer til å gjera det verkeleg; håpet, draumen og bøna om fred på jord.

Jesusbarnet er ein liten knopp som er sprengfull av håp, også i dag. Med juleevangeliet si grensesprengande kraft opnast livets kjelder og framtidshåp for alle menneske, og Kristi kjærlege ljós held oss fast i framtid og håp, for livet her og for all æve.

Velsigna julehøgtid!

*Solveig Fiske*

- 1 I opphavet var Ordet, og Ordet var hjå Gud, og Ordet var Gud.
- 2 Han var i opphavet hjå Gud.
- 3 Alt vart til ved han, og utan han vart ikkje noko til av det som har vorte til.
- 4 I han var liv, og livet var ljoset for menneska.
- 5 Og ljoset skin i mørkret, men mørkret tok ikkje imot det.
- 6 Det stod fram ein mann, send av Gud; Johannes var namnet hans.
- 7 Han kom for å vitna; han skulle vitna om ljoset, så alle kunne koma til tru ved han.
- 8 Det var ikkje han som var ljoset, men han skulle vitna om ljoset.
- 9 Det sanne ljoset som lyser for kvart menneske, kom no til verda.
- 10 Han var i verda, og verda har vorte til ved han, men verda kjende han ikkje.
- 11 Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje imot han.
- 12 Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans.
- 13 Dei er ikkje fødde av kjøt og blod, ikkje av menneskevilje og ikkje av manns vilje, men av Gud.
- 14 Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss, og vi såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning.

Joh 1,1-14



# Vikarprest Trygve sin julehilsen

Vi er på vei inn i julehøytiden, – snart er ett år er lagt til vår livsvandring. Det er tid for å gjøre opp status og se framover mot høytiden vi skal på nytt feire.

## Takk!

Jeg vil først benytte anledningen til å takke for spennende høst sammen med dere. Som vikarprest har jeg fått være sammen med dere, nær familie og venner som har miste sine kjære – og hele bygda – i sorg og smerte. Men samtidig har jeg har også kjent på et stort felleskap som slutter opp om, som ser, bryr seg og stiller opp. Det har vært godt og vakkert å få være med dere, paradoksalt nok, også midt i sorgen. Vakkert også når Sildredomen er full av fest- og bunadskledd slektninger og venner når vi har feiret livets- og dåpens fest. Hvilket syn! Takk for alle gode blikk, heiarop og småprater på vei fra og til. På kommunehuset arbeider det mange hyggelige og dyktige mennesker! Et stort takk til dere i kyrkjestaben, i soknerådene og i fellesråd – og dere frivillige: Takk for innsatsen dere legger ned for kirka og for bygda! Samlingene på sjukeheim er et av ukas høydepunkt. Jeg går alltid glad derifra. Konfirmantene er fulle av masse liv, energi og god humor. Og de tegner korsets tegn som en erfaren prest... På fengselet har jeg møtt åpenhet og tillit. Det er blitt mange gode samtaler om livet med alle sine dyp og kontraster, erfaringer og utfordringer. Dere skjønner, håper jeg – jeg trives sammen med dere her i naturskjonne Slidre!

## Har du sett kyssekorset?

Korset – kyssekorset – i steinen ved inngangen til Slidredomen fasinerer meg. Metallkorset er borte. Igjen er korsetes form hugget inn i steinen. Mange en gang har jeg latt fingeren følge korsets former. Hvor mange har i generasjoner før meg gjort det samme? Det samme korstegnet tegner vi over barna som bæres til dåp. Konfirmantene har virkelig fått teken på å tegne dette Kristustegnet. Og det tegnes over oss alle under velsignelsen som sender oss ut i ukjent framtid når messa er over på søndagene. Dette korstegnet minner oss om at vi tilhører livets kilde, – Gud i Kristus som er godhetens, rettferdighetens og sannhetens kilde. Korstegnet minner oss om at det er i Gud vi lever, virker og er til, alltid, på vår livsvandring fra vugge til grav og inn i livet i lyset på andre siden av dødens grense.

## Labyrinten og vår livsvandring.

Labyrinten innenfor døra på høyre side er også et fasinerende symbol på livet, på livsvandringen med alle sine svinger, overraskelser og omveier som vi ikke aner hvor fører oss hen. På veien i labyrinten kan vi miste oversikten

og retningen. Hvor er jeg på vei med mitt liv? Går jeg «framover eller bakover» med mitt liv med det det som akkurat nå er mitt prosjekt og mine prioriteringer?

Den er også et flott symbol for tro. Ja, for også der, i livets og labyrintens sentrum, møter vi – ja, nettopp – korstegnet som minner oss om vårt opphav og vårt mål. Jesus sier: «Jeg er verdens lys, den som følger meg skal ikke vandre i mørket men ha livets lys» Kanskje det er derfor vi hører disse ordene når barn døpes i kirka på vei inn i sine liv vi ikke aner hva vil bringe, Korstegnet midt i labyrinten minner oss om at Gud er her «midt i» i våre liv, på vår vei i dette forunderlige, vakre, sårbare, vanskelige og uoversiktlige som kalles livet.

## Jula: Mysteriet i mørke. Gud i, med og for oss.

I julefortellingen, om Jesu fødsel kan vi igjen nå i jula forundres over dette mysteriet om barnet i stallen. Også Maria og Josef hadde vandret langt fra Nazareth til Betlehem. Før de vandret hjem fødte den gravide som vi alle er født av vår mamma. Og der i halmen i krybben bland dyra og lukten, i nattemørket, sammen med utsatte mennesker til alle tider, møter vi Guds medmenneskelighet og vår guddommelighet. Vi aner at Gud er medmenneskelighet. Gud er ett med oss. Og i barnet i krybben aner vi vår bestemmelse som mennesker. Vi av guddommelig slekt. Vi er ett med Gud. Jesus viser vei og åpner vei for mysteriet. Gud er i det lave, i mørket, i våre liv, «midt i» på vår livsvandring.

Og så, plutselig revner nattemørket. Himmelen blir til kaskader av lys og engler sang: «Ære være Gud i det høyeste – og vi kan legge til: i det laveste» – og fred på jorden bland mennesker som Gud har glede i». Joda, vi kjenner på mørket på vår livsvandring, som savn, smerte, rettferdighet, ensomhet, fortvilelse, sykdom, angst og misstrøst. Men julenatt avslører dette: Vi er i Gud – labyrinten i kirka viser vei. Merket etter kyssekorset minner oss om Kristus, Gud i og bland oss. Derfor er «Nattens mørker er ikke mørket Gud for deg. I nattens mørke skinner lyset» -som det står i salmenes bok. Dette er julenattens budskap. Gud er også i vårt mørke. Og mørket overvinner ikke lyset.

## Vise menn, du og jeg, på vandring

De vise mennene i julefortellingen har alltid fanget min oppmerksomhet. Bibelfortellingen om dem avslører ikke hvor de kom fra. Ikke vet vi heller hvor mange de var. De blir så å si representanter og forbilder for deg og meg og alle mennesker til alle tider. Også de hadde lagt ut på en vandring, inn i en labyrint de ikke visste hvor ville føre →

dem. De våget oppbruddet, de gikk og fulgte sin overbevisning. De forlot det trygge. De våget det ukjente. Og ikke ulik oss på vår livsvandring gikk de feil. De måtte snu for hemmeligheten de søkte var ikke å finne i praktens og maktens korridorer i palasset til kong Herodes. Men de gav ikke opp. De foresatte. Og så tenker jeg: De må ha gått i mørket, om natten. For stjerner lyser opp bare om natten. De ble ledet gjennom nattemørket – videre i labyrinten, mot målet. Det er som vi slår følge med disse navnløse kloke mennene som ikke gav opp når vi erfarer det som mørket er et talende symbol på vår i livsvandring. Gud er i vårt mørke. Vi er aldri alene og overgitt. Gud går med på vår vandring i labyrinten.

## Mot målet

Det nest siste vi leser om dem er at de gir sine gaver til barnet. De var kommet fram – til sentrum. De fant fram til lyset i mørket, barnet i krybben. Og det sist vi leser er deres oppbrudd, de tar en annen vei hjem. De var modige. De trosset den sjalu Herodes med makten og soldatene.

Hvor de vandret vet vi ikke. Åpen avslutning altså. Nå er de vi som skal vandre videre på vår livsvandring som fortsetter etter denne julen 2022.

Jeg ønsker dere alle en velsignet julehøytid og alt godt for 2023!

*Trygve, vikarprest.*

# Nyttårvandring og jubileumsutsyn på Kvithøvd



*Storslagent utsyn fra Kvithøvd!*

*Start første nyttårsdag med oppfylling av gode forsetter – la det nye året komme i gang med bevegelse og gode opplevingar for kropp og sjel.*

2023 blir et viktig jubileumsår i Valdres. Då er det 1000 år sidan Heilage Olav drog gjennom Valdres og kristninga tok til her. Vårt jubileumsår hører med i nasjonaljubileet Noreg i 1000 år og det går fram mot 2030 som er knytt til slaget på Stiklestad. Tida fram mot slaget for 1000 år sidan var ei stor brytingstid mellom gammalt og nytt i Noreg. Kan det vere med å kaste lys over den tida vi lever i no? Eg håpar året kan hjelpe oss til å sjå korleis vi kan bygge fred og leve saman med tillit og respekt. Krig og vald og tvang skal ikkje vere vår framtid verken lokalt eller internasjonal.

1. januar 2023 vil vi markere starten på jubileumsåret med ei vandring og samling på Kvithøvd. Eit jubileum skal

ikkje berre vere ein repetisjon av noko som skjedde for lenge sidan. Det skal hjelpe oss til å få oversyn og utsyn både mot fortida og notid og framtid. Kva passar vel betre enn å møtast på Kvithøvd ved innleiinga av eit slikt år?

Sokneprest Trygve Rø i Vestre Slidre og prost Carl Philip Weisser planlegg dagen saman med sokneråd på begge sider av Kvithøvd. Vi går til fots opp frå kvar vår side med start frå Slidrestølane i vest og øvst i Nyhagevegen på Volbusida. Vi startar kl. 11.00 frå kvar vår side og samlast med utsyn mot vest og Jotunheimen på Kvithøvd kl. 13.00. Ord til ettertanke og nokre høvelege songar blir det der, samt ei enkel servering før vi går i flokk og følgje ned att.

Det er sjølv sagt viktig å kle seg godt etter ver og føre.

Vi håpar at mange har lyst på ein sprek oppstart av eit spennande jubileumsår!

*Trygve Rø og Carl Philip Weisser*

# VANLEGE FOLK SIN TUR

## *Juleforteljinga er full av kontrastar*

AV SIGRUN SØRENGEN

Vi ser den heilage familien i stallen, tre staselege kongar med gilde gåver, kvite lam og smålåtne gjetarar i bakgrunnen. Over lyser den store, blanke stjerna ned på dei mot ein floyelsblå nattehimmel. Dyktige kunstnarar har opp gjennom tidene produsert gripande, fargerike, forgylte og vakre framstillingar av scenen frå Betlehem, den aller fyrste julekvelden. Vakkert, verdig og opphøgd. Ei fin ramme rundt julebodskapen, og vi likar det.

Men - før alle desse glitrande faktorane var på plass, korleis tedde røyndomen seg for dei som verkeleg var hovudpersonar i juledramaet? Vi veit ikkje det så sikkert, men har i det minste hørt om ein snikkar, trulova med ei jente som brått vart med barn.

I Nederland levde det på 1500-talet ein ein renessanse-kunstnar frå «gullalderen» i målarkunsten som heitte Pieter Bruegel den eldre. Han gjorde eit meisterverk som heiter FOLKETELLINGA I BETLEHEM ca 1566.

Året før biletet vart fullført hadde Nederland og store delar av Europa hatt den kaldaste vinteren på 100 år. Folk svalt og fraus. Mange døydde av kulde, sjukdom og matmangel.

Bruegel må ha tenkt seg – at innhaldet i målarstykket hans, den glade bodskapen om Jesu fødsel – ville oppmunstre og gje folket meir verde om det på ein eller annan måte skjedde i deira eigne hjarto.

Difor tok han motivet og publikum med på ei reise til Davids by i den flamske heimstaden sin, ein snødekt landsby.



Folketellinga i Betlehem.

Biletet er både ei bibelforteljing, ei folkelivsskildring og eit landskapsmaleri på ein gong.

Det er midtvinters, trea er nakne, det flate landskapet er dekt av snø. Mellom husa i den vesle landsbyen strevar menneska i kulden. Dei førebur seg til julemesse og -feiring.

Ein mann ber ved, ein annan flytter tønner. Ei kvinne feiar snø, og ei lempar grønsaker på ei kjerre. Hønene hakkar i snøen etter mat, medan ungane leikar på isen og kastar snøball. Ein stad slaktar dei ein gris. Det yrer av aktivitetar over heile landsbyen.

Fremst i bildet får vi auga på Josef som fører med seg Maria, sitjande på det trufaste eselet, diskret blanda inn i menneskemylderet, på veg mot ståheien framfor vertshuset.



Utsnitt – Maria Bruegel.



*Mangelen på anständig husvere tilseier at Maria måtte føde Frelsaren i ein stall...*

Lenger til venstre ser vi ei folkemengde som trengjer seg saman ved det same vertshuset og ropar om å få registrere seg, – eit sikkert hint om at det ikkje blir noko ledig rom å få der.

Det måtte ha vore ein ganske fortvila situasjon Maria og Josef var i. Ikkje hadde dei tak over hovudet, og barnet var på veg. Til alt hell fann dei stallen og slapp å opphalde seg under open himmel. Ganske strevsamt for Maria å føde under slike kummerlege tilhøve. Og kven skulle vel hjelpe henne? Inga jordmor eller fødekone stod parat til å ta i mot barnet på ein mest muleg hygienisk og omsorgsfull måte. Stakkars Josef var den som var hjå henne, han gjorde sikkert så godt han kunne, men det var ingen tvil om at Jesu fødsel var fattig og elendig.

Hatten av for Maria! Det fanst ikkje epidural eller smerte-lindring for to tusen år sidan, (ikkje på 1500-talet heller) – eller snakk om ei rein, komfortabel seng! Høy kunne vel vore greitt, men stallen var nok i det minste trekkfull...

Det er vel ikkje sikkert at nokon av oss under slike høve ville takla ein prosesjon av vismenn, hyrdar og andre tilbedarar berre timar etter fødselen...

Godt det var betre klimatilhøve i det eigentlege Betlehem. Uansett kan det ikkje seiast at snikkaren og festarmøyen hans vart handsama som storfolk.

**Hovudpersonar** er det fleire av i denne soga – heilt vanlege individ, som står for tur til å få merksemld. Dei er ikkje prega av rikdom, prakt eller guddom, snarare tvert i mot. Eit motstykke til idyllen som er nemnt i starten. Heilt nedst på den sosiale rangstigen finn vi dei; folka som sat nattevakt over flokken sin. Med andre ord.

### Nokre gjetarar


Folk flest på den tida såg ned på gjetarane. Dei var saman med dyr, dei sov under open himmel og måtte skiftevis

halde seg vakne om natta for å passe elden og sjå etter dyra. Kan hende bar dei seg meir å som dyr enn som kultiverte folk. Fattige og fillute var dei sikkert, reinsemda kanskje så som så, utsiktene til bad og balsam var langt unna. Det vart sagt at dei stal, og at dei leidde eigne sauvar inn på andre sine beitemarker. Ein hyrde var såleis ikkje til å stole på, dei hadde ikkje ein gong lov til å vitne i ei rettssak.

Denne kvelden var nok som alle andre kveldar; kanskje sat dei rundt bålet, delte maten sin mellom seg og drøfta prisane på ull og sauekjøt, skrekken for sjukdom på feet, mangel på innkome eller anna elende.

### ENGLANE KOM TIL DEI FATTIGE FYRST

Den gongen julenatta var i ferd med å bli til, skjedde akkurat det. Frå den gyldne himmelstigen steig englane ned, forbi kongar, keisarar, landshovdingar, yppersteprestar og heile hopen, for å stadfeste det store og gledelege bodet – på markene i nærleiken av Betlehem – beint framfor augo på hyrdane.



*L'Annonce aux bergers* av Leon Francois Comerre

### EVANGELIET I JULEEVANGELIET

Dei hadde sete og kvilt seg etter dagens dont – så lynte himmelen opp som på ein solskinsdag, endå det var midt på natta. Og der stod ein drivende kvit engel og bad dei ikkje vera redde, for noko stort og gledeleg hadde hendt, – og her er evangeliet i juleevangeliet:

– *I dag er det fødd dykk ein frelsar – i Davids by; han er*

*Kristus, Herren. Og dette skal de ha som teikn: De skal finne eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.*

I same stunda var det med eitt hundrevis av englar i strålelags som dansa og song til ære for dette nye, etter lengta og velkomne underet.

Denne julenattsongen er sidan blitt sunge i kvar einaste gudsteneste i dei neste to tusen åra – *Gloria in Exelsis Deo! – Åre vere Gud i det høgaste!*



Hans Memling: Angel musicians.

Om gjetarane fekk roa seg ned etter engleglansen og engeldansen veit vi ikkje, men dei hadde fatning nok til å skunde seg av garde til Betlehem, slik det var gjeve beskjed om. Der fann dei både stallen, Maria, Josef og barnet. I frå før stod det ein okse der, og det var krubba hans dei hadde lånt til barneseng.

**Oksen** er ut frå Det gamle testamentet og jødisk tru eit reint dyr og symbol for det jødiske folk. Difor var det sjølv sagt at Messias kom til dei.

**Eselet**, rimelegvis brukt til transport på turen frå Nasaret,

var og til stades ved Jesu fødsel. Eselet vart rekna som ureint, og det står for alle andre folkeslag, dvs heidningar – alle som ikkje er jødar.

Men i denne julenatta samlast både okse og asen rundt krubba i fred og forsoning; jødar, palestinrarar, kinesarar, nordmenn, engelskmenn – ja, alle på heile jorda.

Slik fekk hyrdane rangen som fyrsteannonsørar av det store som hadde hendt, og dei fyrste som kom på barselvisitt til den seinare så vidjetne stallen. Små lamungar bar dei kanskje med seg som gāve, slik Prøysen seier det i julekveldsvisa si.



Guido Reni: Hyrdenes tilbedelse.

Jesus vart seinare kalla «*Guds lam*» av Johannes døyparen, og ordet *hyrde* har fått ei opphøgd mening; *Den gode hyrde, som Jesus seinare sa om seg sjølv.*

Etter dette var gjetarane så overvelta og glade at dei fortalte alle dei møtte om opplevingane sine, til stor undring og oppstuss hjå dei som hørde på. Nyhendet spreidde seg like fort gjennom byen, som om dei skulle ha lese lokalavisa, hørt på radio eller sett fjernsyn ...


**Dette vart verkeleg KVELDEN OVER ALLE KVELDAR, ikkje berre for gjetarane, men for alt folket til alle tider.**

## Ny medarbeidar i staben!

Einar Lome, fødd 1999, er ny tilynshavar for Lomen stavkyrkje. Så langt har det vore greit, seier han. Tusen takk for at du tek på deg vervet, Einar!



# *Alt vi har kjært*



Når alle dei nattlege draumar  
blir borte som skyer for vind,  
da opnar eg alle dører  
så sollys kan fløyme inn,  
da ropar eg høgt av glede  
og syng: Eg er enno til!  
Eg tenker på alt som har hendt meg  
og alt som eg veit og vil:

Alt som er kjært tenker eg på!  
Alt som er nært tenker eg på.  
Stjernene, sola og månen  
tenker eg på.

Eg tenker på måltid med venner  
da sola gjekk opp og ned.  
Eg tenker på skrål og latter  
og stunder med salig fred.  
eg tenker på vinterstormar,  
når mine er trygt i hus.  
eg lengtar mot travle dagar  
og netter med stille sus.

Eg går mot dei fossande vårar  
og sommarens lyse smil,  
mot hausten som brenn i fargar  
før vinteren stundar til.  
Eg står i den gryande dagen,  
som myldrar av leik og liv.  
Eg ser mot den fjerne synsrand  
der skyene driv og driv.

Alt som er kjært tenker eg på!  
Alt som er nært tenker eg på.  
Stjernene, sola og månen  
tenker eg på.

*Edvard Hoem*

*Ein lesar sende meg dette diktet i mars 2021.  
No kjem det endeleg i kyrkjebladet til glede og trøyst for alle!*

# Valdres i 1000 år – jubileumsår og feiring i 2023

Sankt Olav reiste gjennom Valdres i 1023. For hundre år siden var det stort 900-årsjubileum i Slidre der kong Haakon var med. Nå har tusen år gått siden Olavs Valdresbesøk og tida er inne for å jubilere. Dette blir en del av de mange markeringer fram mot Nasjonaljubileet i 1030.

Vi håper det kan bli opplegg i alle Valdres-kommuner i løpet av året. Her er det mye å ta fatt i både for sokneråd og historielag, i skolens undervisning og andre sammenhenger. Vi ønsker ikke bare å se bakover, men også se på hvordan vi kan ta med de byggende verdier for våre lokalsamfunn og vår nasjon. Da må en også være å se kritisk på den framferd som kong Olav hadde samtidig som vi ser det grunnlag som ble lagt for enkeltmenneskers verdi, gode lover, rettferdighet og kirkens plass i våre liv.

Olsok, lørdag 29. juli 2023 blir det en hovedmarkering og vi håper at kongehuset vil være representert ved feiringen. Planen er at vi starter med et åpent arrangement ved Tingesteinen i Slidre. Derfra vandrer folket opp til Slidredomen der det blir fest- og fredsgudstjeneste. Hit kommer også de som er på pilegrimsferd fra øst over åsen fra Øystre Slidre. Forhåpentligvis kan vi få til prosjektkor og spennende musikkframføring.

Biskop Bjønness Jacobsen skulde saa holdt en tale for kirken og fedrelandet: Det er et vakkert emne jeg har faatt aa tale over og jeg vil takke hr. ordf. Alfstad som har sendt mig det; men nu lir det saa langt paa kveld og forsamlingen har hørt saa mange taler. Jeg tror jeg vil glede H. M. med den tale jeg nu vil holde, for jeg vil nemlig ingen tale holde; men jeg skal glede forsamlingen med at de kanske i morgen kan faa læse denne tale, som jeg her har innskrevet paa papiret, i bladene »Valdres«, »Vestopland« og kanskje i en del hovedstadsaviser.

## Talen kommer i »Valdres«.

Nå har jeg stor fornøyelse av å lese om jubileet i 1923 i gamle utgaver av avisene Valdres. Det var flere tusen som møtte fram. Været var ikke det beste, men taler og sanger var det mange av. Biskopen skulle også holde langt om lenge holde sin tale, men referatet forteller at han ordnet det på en annen måte.

Etter gudstjenesten fortsetter Olsokfeiringen på Valdres Folkemuseum på Fagernes.

Det er mye planlegging som gjenstår. Er det gode ideer og ønsker om å bidra i planlegging og gjennomføring så gi beskjed til noen i prosjektgruppa som består av prosjektleder Eivind Brenna, kirkeverge i Øystre Slidre, Ove Ekerbakke, kirkeverge i Vestre Slidre, Veslemøy Kvamme, kulturrådgiver i VNK,

Katharina Sparstad, representant for historielagene; Ingebjørg Mo, direktør ved Valdresmusea; Ole Aastad Bråten, kirkeverge i Nord-Aurdal; Aud-Karin Hovi og prost Carl Philip Weisser.

**Carl Philip Weisser**



*Slidredomen blir en flott plass for jubileum og fredsgudstjeneste den 29. juli 2023. (Foto: Ola Døhl)*

# *Ole Kristian Bonden er ny biskop i Hamar bispedømme*



Bilete: Geir Olav Slåen, NRK

Tre hovudreglar for Ole Kristian Bonden:  
*Kyrkja er ei heilag, alminneleg kyrkje.  
Inga tru er for lita.  
Gud gjer ikkje skilnad på folk.*

Ein ekte folkekyrkjebiskop!  
52 år gamal, frå Brummunddal.  
I heile sitt presteliv har han vore knytta til Elverum.  
Gift med Irmelin, har tre barn som har flytta heimanfrå.  
Velkommen frå kyrkja i Vestre Slidre!



# Barneside


## 1. Fargelegg biletet med engel og hyrdar.



## 2. Julekryss.

### Julekryss

© www.undervisningsmetoder.com



Løsningsordet er:

\_\_\_\_\_

## 5. Quiz:

- Kvifor feirar dei kristne jul?
- Kva heitte foreldra til Jesus?
- Er det pepar i peparkaker?
- Kva er det vanleg å eta på Lucia-dagen?
- Kva heiter filmen mange ser på dagen julaftan?
- kor mange sundagar er det i advent?

Svar på quiz: side 14

## 3. Frå ord til bilete.

### Frå ord til bilete

Sett strek frå ord til riktig bilet.



nisse



slede



lys



graut



gåve



juletre



julekuler




stjerne



snøflak



strømpe



snømann



© www.undervisningsmetoder.com

## 4. Leitekryss, fargelegg orda når du har funne dei.

### LEITEKRYSS

Fargelegg orda i leitekrysset. Leit vassrett.

|   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| j | u | l | y | k | r | a | n | s | h | ø |
| f | o | g | i | k | q | g | l | c | å | l |
| j | å | l | r | e | i | n | s | d | y | r |
| u | k | x | k | a | m | l | å | l | l | b |
| v | d | s | h | a | d | v | e | n | t | l |
| æ | n | s | d | b | l | k | l | o | f | c |
| v | æ | w | j | u | l | e | t | r | e | d |
| o | n | j | o | n | u | s | z | y | n | w |
| g | l | q | s | l | e | d | t | l | j | p |
| f | b | j | u | l | e | k | u | l | e | r |
| r | s | t | r | ø | m | p | e | u | n | k |

© www.undervisningsmetoder.com



# *Hefte om Øyjar kapell*

Soknerådet i Røn spurde for nokre år sidan Mona Dalen om å laga eit hefte om Øyjar kapell i høve 50 - årsjubileet. Mona gjorde mykje bra arbeid, men ymse tihøve gjorde til at arbeidet vart lagt på is ei tid. No vil Røn sokneråd ta oppatt og gjera ferdig heftet innan valet neste år. Mona har takk og lov sagt seg viljug til å vera med vidare, Johanna Fuglesteg blir med som medarbeidar.



Bilete: Johanna Fuglesteg

## **Etterlysing:**

*Har nokon gamle bilet av byggjinga eller opninga av kapellet, gudstenester, bryllaup, dåp eller gravferder frå nokre år tilbake? Det kan også vera interessant med annan dokumentasjon.*


*Me tek med glede i mot! Sjå e-postadresse og mobilnummer på baksida av kyrkjebladet.*

# KYRKJELEGE HANDLINGAR

## September – november 2022

|           |                     |          |  |         |
|-----------|---------------------|----------|--|---------|
| Jordfesta | <b>Lomen sokn:</b>  | 14.10.22 | Arne Kåre Ildjarstad   | f. 1927 |
|           | <b>Slidre sokn:</b> | 06.09.22 | Runar Øye  | f. 1966 |
|           |                     | 16.09.22 | Ole Nygard   | f. 1969 |
|           |                     | 20.10.22 | Gudrun Gram  | f. 1934 |
|           |                     | 21.10.22 | Victor Leander Unhjem  | f. 1999 |
|           | <b>Røn sokn:</b>    | 04.11.22 | Eli Sælid  | f. 1930 |
| Døypte    | <b>Lomen sokn:</b>  | 27.11.22 | Sofie Lome Bakke (bur i Vang)                                    |         |
|           | <b>Slidre sokn:</b> | 02.10.22 | Andris Olvik Stokkebryn  |         |
|           |                     | 02.10.22 | Elise Falkgjerde Gjermundsen (bur i Telemark)                    |         |
|           |                     | 02.10.22 | Selma Øyen Leirhol   |         |
|           |                     | 22.10.22 | Eskil Ulven  |         |
|           | <b>Røn sokn:</b>    | 25.09.22 | Eiril Rødningen Johnsen  |         |
|           |                     | 09.10.22 | Alma Røang Skattebo  |         |
|           |                     | 23.10.22 | Leander Kjensrud (døypt i Hedalen stavkyrkje)                    |         |
|           |                     | 20.11.22 | Lukas Fjørstad Røn   |         |
| Vigsla    | <b>Slidre sokn:</b> | 01.10.22 | Michelle Offerdal Hindenes og Per Slette Semeleng (bur i Aurdal) |         |
|           | <b>Røn sokn:</b>    | 30.07.22 | Vilde Vinnes og Tage Vestlie (Vigde på Nøsen, bur i Oslo)        |         |

## Øyar kapell i ny drakt



Safet Vladovic, ringjar og kyrkjetenar, er ein dyktig målar. Han har måla oppatt inngangspartiet og døra på Øyar kapell. Særleg måling av døra er eit pirkearbeid med mange detaljar. Resten av kapellet blir måla når våret er høveleg.

Tekst og bilete:  
Johanna Fuglesteg

## Stiftinga Torgeir Førs minne

Stiftinga Torgeir Førs minne deler ut midlar til ungdomar som tek kristen utdanning eller går på kristen vidare-gåande skule eller deltek på kristne leifar og kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkje. Søkjarar må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Ingen søknadsfrist. Søknad kan sendast til: [torgeirforsminne@yahoo.no](mailto:torgeirforsminne@yahoo.no)

### Svar på quiz

- a) Fordi Jesus vart fødd,
- b) Maria og Josef,
- c) Av og til, men ikkje alltid,

- d) Lussekattar,
- e) Tre nøtter til Askepott,
- f) Fire

# MESSELISTE

Dette er den planlagte gudstenestelista. Det kan koma endringar.  
Fylg med på kyrkja si nettside og i avisa «Valdres».

| Dato            | Dag   | Tid     | Stad        | Prest     |
|-----------------|---|---------|-------------|-----------|
| <b>DESEMBER</b> |   |         |             |           |
| 24.12.22        | Julaftan  | 14.00   | Lomen       | Trygve Rø |
| 24.12.22        | Julaftan  | 15.00   | Slidredomen | Trygve Rø |
| 24.12.22        | Julaftan  | 16.00   | Røn         | Trygve Rø |
| 25.12.22        | 1. juledag  | 11.00   | Slidredomen | Trygve Rø |
| <b>JANUAR</b>   |   |         |             |           |
| 01.01.23        | Nyårsdag/Jesu namnedag                                | 19.00   | Øyjar       | Trygve Rø |
| 08.01.23        | Kristi openberringsdag                                | 11.00   | Lomen       | Trygve Rø |
| 15.01.23        | 2. s i openberringstida                               | Frihelg |             |           |
| 22.01.23        | 3. s i openberringstida                               | 11.00   | Røn         | Trygve Rø |
| 29.01.23        | 4. s i openberringstida                               | 11.00   | Slidredomen | Trygve Rø |
| <b>FEBRUAR</b>  |   |         |             |           |
| 05.02.23        | Såmannssundagen                                       | 11.00   | Lomen       | Trygve Rø |
| 12.02.23        | Kristi forkláringsdag                                 | 19.00   | Slidredomen | Trygve Rø |
| 19.02.23        |   | Frihelg |             |           |
| 26.02.23        | 1. s i fastetida                                      | 11.00   | Røn         | Trygve Rø |
| <b>MARS</b>     |   |         |             |           |
| 05.03.23        | 2. s i fastetida                                      | 11.00   | Lomen       | Trygve Rø |
| 12.03.23        | 3. s i fastetida                                      | 11.00   | Røn         | Trygve Rø |
| 19.03.23        | 4. s i fastetida                                      | Frihelg |             |           |
| 26.03.23        | Maria bodskapsdag<br>Tårnagent, arrangement på dagtid | 18.00   | Slidredomen | Trygve Rø |

På kvar messe blir det teke opp takkoffer, det blir opplyst kven takkofferet går til.



## Ord over grind

Av Halldis Moren Vesaas

Du går fram til mi inste grind,  
og eg går óg fram til di.  
Innafor den er kvar av oss einsam  
og det skal vi alltid bli.

Aldri trenge seg lenger fram,  
var lova som galdt oss to.  
Anten vi møttes tidi eller sjeldan  
var møtet tillit og ro.

Står du der ikkje ein dag eg kjem  
fell det meg lett å snu  
når eg har stått litt og sett mot huset  
og tenkt at der bur du.

Så lenge eg veit du vil koma iblant  
som no over knastrande grus  
og smile glad når du ser meg stå her,  
skal eg ha ein heim i mitt hus.

# KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret har ope for besøk frå mandag – torsdag frå kl. 09.00 – kl. 15.00.

Det vil vere stengt innimellan pga møter, kurs og befaring – prøv oss då pr. telefon.

## TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

| Namn                | Tlf.     | Jobb   | Mail                    |
|---------------------|----------|--|-------------------------|
| Trygve Rø           | 47840438 | Sokneprest   | tr272@kirken.no         |
| Veslemøy Kvamme     | 48122137 | Kyrkjeverje  | vk766@kyrkja.no         |
| Geir Kongslien      | 48237798 | Trusopplærar og kontorfullmektig   | gk662@kyrkja.no         |
| Jovita Budvytiene   | 48626468 | Organist   | jb459@kirken.no         |
| Safet Vladovic      | 99221198 | Kyrkjetenar i Røn og Lomen sokn<br>Kyrkjetenar i Slidre sokn ved<br>gravferd og vigsel. Ringar i Slidre<br>Reinhaldar i alle sokna | vladovicmig21@yahoo.com |
| Magnhild Skjel      | 95821005 | Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn   | magskjel@outlook.com    |
| Johanna Fuglesteg   | 90156613 | Klokkar i Slidre sokn  | johfugl@gmail.com       |
| Josue Tchami Ndonko | 46902865 | Kyrkjetenar ved gudsteneste i Slidre sokn  | jndontcha@gmail.com     |
| Jan Ole Bråten      | 91364677 | Ringjar i Slidre   | j-ole-b@n2u.no          |
| Einar Lome          | 99310408 | Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje  | einar.lome@hotmail.com  |
| Odd Jørgen Sørenga  | 91322796 | Kom. valt repr. i Fellesrådet  |                         |

**NB! Veslemøy og Geir har fått nye telefonnummer – desse gjeld både på kontoret og når vi er på jobb utanom kontoret!  
Privatnummara våre blir ikkje lengre brukt i jobsamanheng!**

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>

Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!

*Ei god og fredeleg julehøgtid og eit godt nytt år!*

*Helsing frå oss i redaksjonen*

*Sigrun Sørenga, Anne Karin Ruud Truberg, Per Olav Eide,  
Johanna Fuglesteg*

E-postadresse til kyrkjebladet: vskyrkjeblad@gmail.com

## Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

**Lomen:** Joker Ryfoss,  
soknerådsmedlemmar  
**Slidre:** Coop Slidre  
**Røn:** Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

## Kondolanseteleggram

kan du kjøpe hos:

**Lomen:** Joker Ryfoss,  
soknerådsmedlemmar  
**Slidre:** Coop Slidre  
**Røn:** Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

*Med julehelsing frå*



**Rakfisk**  
FRÅ VALDRES  
**RØN GARD**

ETBL. 1965  
Tlf. 918 44 501

